

SVAMPEN

INTERNAVIS FOR VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE - NR: 1 OKTOBER 2008

Kunnskapsministeren: LOVAR LØYSING

Til trass for den lovfesta retten til læremiddel til same tid, og same pris som resten av Noreg, må nynorskelevane framleis vente lengre enn bokmåselevane. Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell hevdar at dei no har løysinga på dette problemet. SVAMPEN møtte Kunnskapsministeren førre veke.



Meir side 2

Historiedag:

- Lærer meir enn av å sitje på skulen

Måndag 8. september og tysdag 9. september vart det arrangert historiedag på småbåthamna i Rotsethamna og på Haualeite. Tiltaket var for dei som går 3. klasse studiespesialisering. Elevane fekk lære litt om korleis det var å leve på 16- og 1700-talet. Meir side 7

Kathrine i USA

Kathrine Strømmen er ei 17 år gammal jente frå Ørsta kommune.

Ifjor gjekk ho VG1 medium og kommunikasjon her på Volda vidaregåande skule, men dette skuleåret er ho utvekslingsstudent i Traverse City i Michigan, USA.

Les meir side 4



Kunnskapsministeren:

Lovar nynorsk bøker tidlegare

Til trass for den lovfesta retten til læremiddel til same tid, og same pris som resten av Noreg, må nynorskelevane framleis vente lengre enn bokmåselevane. Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell hevdar at dei no har løysinga på dette problemet.

Av Helle Ulvestad

Elevar har lovfesta rett på nynorske læremiddel samstundes som bokmåselevar får sine. Om desse krava ikkje kan oppfølgjast skal ein bruke andre bøker enn dei ein originalt hadde tenkt. «I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris.»

Ikkje akseptabel

Til trass for denne lova er det svært få nynorskelevar i Noreg i dag som får skulebøkene sine til same tid som bokmåselevane, og sånn har det vore i over 30 år. Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell (Sosialistisk Venstreparti) seier at denne minoritetsdiskrimineringa ikkje er akseptabel.

Bøker i tide 09

For å endre den negative trenden som Noreg har hatt no i over 30 år har Bård Vegar og kollegaene starta eitt arbeid som heiter «Bøker i tide 09».

Dette arbeidet går i hovudsak ut på at ein skal bruke meir pengar på å få læremiddel i tide. Det



Kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell meiner at han skal klare det andre ikkje har klart, å få nynorsk bøker samstundes som bokmålsbøker. Målet vil han nå ved å prøve hardare enn dei har gjort før.

vert kravd at dei som kjøper inn bøkene hos fylkeskommunane og skulane skal kjøpe inn desse i tide, og i tillegg må forlaga sørge for at desse kjem i tide.

Ikkje prøvd hardt nok

Desse lovnadene har andre ministrar kome med og, men Solhjell meiner at han kan gjere ein forskjell. Han trur grunnen til at problemet ikkje har vore løyst tidlegare er at ein ikkje har prøvd hardt nok. Solhjell hevdar at han veit at noko av problemet er pengar, og at denne delen av problemet skal ordnast ved at staten bevilgar 6 millionar kroner ekstra, til læremiddel.

Kjensgjerning med seine bøker

Ståle Hansen, lærar ved Volda vidaregåande skule, har

ikkje særleg tru på lovnadene frå kunnskapsministeren. Han vonar dei kjem til å kome, men trur det er lite sannsynleg. Begge målføra burde prioriterast likt, og kome til same tid. Ståle seier at det er ei kjensgjerning at nynorsk bøker kjem seinare enn bokmålsbøker, og han meiner at noko av grunnen til dette er at nynorsk brukarar er ein klar minoritet i Noreg. Berre om lag 10% av innbyggjarane i Noreg skriv nynorsk. Dette gjer det så klart ikkje i orden.

Birger Welsvik (IST1) er ueinig med Ståle. Han trur at kunnskapsministeren har god moglegheit for å lykkast, men at det spørst kor engasjert han er. Det spørst også på kva folk han har med seg. Men det er ein god idé, stadfestar Birger.

Landstinget i Volda:

«Svært dramatisk» og «farleg» hending

Onsdag 22. oktober var det direktesending frå Volda, av debattprogrammet Landstinget. Det var fyrste gong i historia det var direktesendt fjernsyn, i fargar, frå Volda, om ein skal tru programleiar Arill Riise. Midt under programmet gjekk brannalarmen, men TV2 evakuerte ikkje. Dette har skapt mange reaksjonar.



Av Helle Ulvestad

Onsdag 22. oktober vart TV2 sitt debattprogram Landstinget direktesendt frå Volda. Under sending kom det som i seinare tid har vorte betrakta som «svært dramatisk», og «farleg» av fleire landsdekkjande aviser.

Sanninga var derimot ei heilt anna. Brannalarmen gjekk ikkje lenge før reklamepausen, og mange har kritisert TV2 for det valet dei gjorde då. Dei evakuerte nemleg ikkje salen. Nokon har gått så langt som å påstå at TV2 nekta tilskodarane å forlate salen, sjølv om det var stor fare for brann.

Oppheita debatt

Tilskodarane var derimot av ei heilt anna oppfatting. Fleire av dei har uttalt at dei ikkje hadde noko problem med å finne ut kva kjelda til brannalarmen var. Peisen bak panelet hadde nemleg lukta røyk ganske lenge, så ingen i publikum var spesielt skremde. Då bran-

nalarmen gjekk var det faktisk ein god del som byrja å le. Arill Riise, programleiar for Landstinget, flirte og påpeika at det var fordi debatten var så oppheita.

Svanhild Idun Vindenes Egge er skuffa over måten norske aviser reagerte på hendinga. Ho seier det var heilt feil reaksjon, saka vart veldig oppblåst, og avisene følgde ikkje fakta.

skuleguiden 2008-09

i sal no!



Ny pris:
kr. 90!

- ►lytt tema basert på humor
- ►lytt design med sterke fargar
- ►nye bilete av klasser og portrett
- ►ly informasjon om elevrådet, russestyret og alle tilsette på skulen

Eit minne for livet!

Kathrine i USA

Kathrine Strømmen er ei 17 år gammel jente frå Ørsta kommune. Ifjor gjekk ho VG1 medium og kommunikasjon her på Volda vidaregåande skule, men dette skuleåret er ho utvekslingsstudent i Traverse City i Michigan, USA. Akkurat no gledar Kathrine seg til Halloween, feire Thanksgiving i New York, tur til Washington D.C, helgatur til Chicago og feire jul den 25. desember. Ho har også kjøpt seg eit sesongkort på eit fjell som heiter Crystal Mountain, og i påskeferien får ho kanskje besøk av kjende her heime i Noreg. Derimot gruar ho seg til å sei hadet til vertsfamilia og dei nye venane sine, og til å pakke til heimreise. For ho har nemmelig ikkje plass til alt! *Av Alise Rætta*



Korleis var prosessen frå og bestille seg eit år som utvekslingsstudent til å faktisk reise heilt bort til Michigan?

- Eg var ganske sein med å bestille, for eg byrja ikkje å tenkje på å vere utvekslingsstudent før i januar/februar og då var allereie dei fleste selskapa stengde. Eg tok kontakt med organisasjonen EF, og dei hadde heldigvis søknadsfrist til dagen etterpå. Sidan eg var så sein og ikkje rakk å skrive søknad, hoppa eg rett over til intervjuet. Etter det var det mykje papirarbeid med spørsmål om alt og ingenting, heilt til eg fekk ein telefon 1. april om at eg var valt ut til og få reise til USA.

Eg fekk ikkje familie før i slutten av juli, og avreisedatoen var ikkje klar før det stod igjen ei veke og eit par dagar. Eg pakka i full fart, og satt på flyet før eg visste ordet av det. Reisa var lang, og det gjekk på ein måte aldri opp for meg kva eg skulle. Eg var kjem-

penervøs, men samtidig veldig glad når eg kom fram.

Kvifor valte du å vere utvekslingsstudent i USA?

- Fordi eg elsker språket, og fordi eg ville oppleve kulturen og levemåten til amerikanarane. USA er så stort, og moglegheitene er så mange!

Vurderte du nokon gang å reise til eit anna land?

- Tanken streifa innom England, men det var igrunnen ein tanke som forsvann ganske fort. USA var på ein måte ei sjølvfølge.

Kvifor var USA ei sjølvfølge?

- Det var ei sjølvfølge å reise til USA fordi her er det meste av alt. Om du vil ha snø og fjell, eller sydenliv kan du reise til USA. Vil du bu i ørkenen eller i skogen med beautiful nature kan du reise til USA. Kulturen er veldig inspirerandes, og vi ser så mykje av

den utan å virkelig oppleve noko av det. Vi ser til dømes mange amerikanske filmar, og drøymmer oss vekk. Ein veit liksom så mykje om USA frå før av, med det er framleis tusen ting ein aldri får oppleve med mindre ein faktisk er til stades.

Du har høyrte ein del om USA før du reiste, kva var forventningane dine?

- Det går ikkje an å vere forberedd på kva som kjem til og skje i eit land ein aldri har vore i, men berre har lest om. Eg såg for meg familien, skulen, huset og korleis det såg ut i byen. Eg trudde eg var bra forberedd på kva som kom til å skje, men det var eg ikkje. Alt var heilt annerleis enn eg hadde trudd, både huset, familien og alt anna. Eg er difor heilt blank, og lever livet slik eg observerar at dei rundt meg gjer det. Heldigvis har det fungert veldig godt hittil. Når eg ikkje har forventningar, slepp

eg også å bli skuffa dersom det ikkje er slik eg hadde vona.

Korleis er vertsfamilien din?

- Vertsfamilien min er den beste i heile verda. Hostdad David er den største humørspreiaren og latterbomba. Han er full av energi og smiler heile dagen lang. Hostmum Lois er veldig smart, morsam og omtensksom. Dei er villige til å sjå og oppleve alt som er å oppleve. Sjølv om dei byrja å komme oppi åra, 60 og 61 år, så er dei friske og spreke. Folk spør meg heile tida om eg ikkje synest det er keisamt å ikkje ha «sysken», og dei blir heilt sjokkert når eg sei eg storkosar meg! Lois sei at eg er dottera han David aldri fekk. Dei behandlar meg som ei prinsesse, og er spandable. Eg føler meg veldig heldig som har komt i ei slik familie. Dei er heilt supre.

Korleis blei du motteken av vertsfamilien din når du kom fram til Michigan?

- David kom småspringande mot utgangen på flyplassen, og såg seg rundt. Han var veldig gira, og når han såg meg kom han bort og sa: - Katherine? Yes? Hi, I'm David! Han lo og tok meg i handa. Lois kom gåande bak han med ein blomsterbukett og eit kamera. Ho ga meg ein god klem og ønskte meg velkomen.

Er det stor ulikskap på skikkane i USA og heime i Noreg?

Her er det veldig vanleg å gå med sko inne. Dei et som regel berre med gaffel, og synest det er rart at eg et med både gaffel og kniv. Det virkar også som at menneska her er mykje hyggeligare mot folk dei ikkje kjenne. Dei sei «sorry» og «thank you» for ingenting, og pratar og ler med folk dei ikkje har kjennskap til. Når ein er ute og går tur, sei alle hei til forbi-passierende.

Korleis er skulen din i Michigan?

- Skulen min består av 350 elevar (High School) og er veldig fin. Eg trur ikkje den er så gammal. Golvet og nokre av veggane er raude, som er fargen til skulelaget som heiter Norsemen. Den har ingen trappe, ei kosleg kantine midt i skulen og ein veldig bra gymsal!

High School har eit bygg for seg sjølv, og alle er veldig samansveisa. I klassene kan det vere elevar som er 14 år, og elevar som er 18 år. Vi har A-day og B-day. A-day har eg 4 fag, og B-day har eg 4 fag, så eg byttar på annankvar dag. Eg er av og til igjen på skulen etter skuletid, for det er så masse som skjer. Som filmclub, fotballtreningar, møte og kampar. Faga eg har på skulen er US history, English 10, Speech, Multi Media Communication, Independent Study, Seminar, Photography og Advanced Art.

Kva gjer du i mediefaga du har valt på skulen?

- I Multi Media Communication arbeida vi med ei internettsida til skulen, eg skriv litt artiklar og legg inn bilete. No for tida held eg på og skal intervjuje alle utvekslingsstudentane på skulen, og lage ei fotomontasje av dei. I Photography lagar vi bilete i mørkerom og framkalla dei med å dryppe dei i ulike kjemikalie. Eg har også laga mitt eige kamera av ei tom Pringlesboks og tatt mykje bilete med det. Det har vore veldig gøy hittil. Eg har planar om å lage ein animasjonsfilm, men eg held framleis på med å idémeldre med meg sjølv. Eg har også laga eit par plakata i Photoshop og Indesign. Medielæraren min er kul, eg kallar han berre for Mister T.

Kva er det beste med å vere utvekslingsstudent?

- Ein lærer utruleg mykje. Eg har

vore her i ein månad, og eg har allereie lært mykje. Eg lærer og opplev noko heile tida, og ein får på ein måte heilt nye perspektiv på ting. Eg får også sjangsen til å vere med på ting eg aldri kunne fått vore med på heime.

Språket er kanskje det beste. Det er så gøy og høyre folk seie:

- Hæ? Er du frå Noreg? Du høyrest jo heilt amerikansk ut!

Kulturen er veldig inspirerende, ny mat, nye skikkar, feiringar og tradisjoar. Alt er berre så gøy og få vere ein del av!

Vil du anbefale andre å bli utvekslingsstudent?

- Ja, det vil eg så absolutt!

Det krev ei sterk mental styrke til å byggje seg opp til å faktisk reise, og det er ganske hardt. Mange sei at dei ikkje tørr, det kan eg godt forstå, men det er berre og hoppe i det. Å sei hadet til venane mine og familien min er noko av det verste eg har gjort i heile mitt liv, men det er verdt det! Eg slepp å vere ein av dei som sei «åh, eg hadde så lyst til å reise, men tok aldri initiativ til og gjere det. No angra eg kvar dag.»

Det er ein bra følelse å vite at eg gjer det rette, uansett kor vanskelig det kan vere til tider. Det er ein opplevelse for livet, ein veks så vanvittig mykje på eit slikt år, og ein får så mykje igjen for det. Eg har funne ut at ein berre er nøydd til å sjå positivt på det, og tenke tankar som:

«Det er berre 10 månadar av livet mitt, eg kjem heim. Det er ingenting som skjer heime uansett. Tenk alt eg har og fortellje når eg kjem heim. Eg får lære og oppleve mykje, folk kjem til å bli grønne av misunnelse.»

Utan desse tankane hadde eg vore langt nedi jorda, det er ihvertfall sikkert.

Be positive!

Russen er i sving

Råning, spruting med vatn og høg musikk er enda ei stund til, men allereide no er arbeidet i gang for Volda russane.

Av Stine Louise Brandal

Russetida i gang på Volda vgs, utsyr er kjøpt, bil er under forhandling og russestyret er sette til arbeid. Mange har store forhoppningar om korleis russetida skal vere, og dei som har kanskje den største finger med i spelet er russestyret. Den heldige personen som sit øverst på næringskjeda med tittelen leiar er Sindre Raknes, 3ST1, der sit han til ein president er vald.

Festklare sjefar

Festsjefane Ingeborg Øye Skar, 3MK og Camilla Eidså, 3PB, har røpa at dei har mykje underforhandling. Det er bl.a snakk om skummparty og parykkparty. Allereie torsdag 2. oktober var det Kick-off party på gamle Viva, og 31. oktober er det sjølvsagt Halloween-party.

Klare til kamp

I år har Ørsta vgs satts på eit russestyre sjøl, noko som dei ikkje har hatt på mange år. Fleire av dei som sit i russestyret for Volda, kan allereide no meddele at det ikkje kjem til å verte lett for det nyoppstarta styret i nabokommuna. -Styret i Ørsta kjem ikkje til å få det lett i år, me he allereide planlagt en del ting som me skal terrorisere dei med! Med delar web-sjef Lene Christine Drabløs.

Svampen presenterer:

Eplekake

Ingredienser

2 egg
2 ½ dl sukker
100 gr smør – smeltast.
3 dl mjøl
2 ts bakepulver
1 dl melk

3 epler, helst litt sure.

Om du ikkje liker eple, går det fint å tilsette sjokolade istadenfor :-)

Perlesukker og kanel.

Slik gjer du

Sett på omnen.

Visp egg og sukker saman. Ha i dei andre ingrediensane og rør saman til ei jemn røre.

Ha deretter røra i ei lita langpanne eller ei sirkelform (24 cm) og stikk nedi epleskiver (eller sjokoladearter) og strø over med sukker og kanel.

Steikast på 180°C i ca 50 minutt.



Historiedag ved Volda vgs.

- *Lærer meir enn av å sitje på skulen*

Måndag 8. september og tysdag 9. september vart det arrangert historiedag på småbåthamna i Rotsethamna og på Haualeite. Tiltaket var for dei som går 3. klasse studiespesialisering. Elevane fekk lære litt om korleis det var å leve på 16- og 1700-talet.

Av Helle Ulvestad

Måndag 8. september og tysdag 9. september vart det arrangert historiedag for 3. klasse studiespesialisering. Denne dagen gjekk føre seg på småbåthamna i Rotsetfjæra og på Haualeite. Meininga med opplegget var at elevane skulle forstå korleis det var å leve på 16-1700-talet. Tjalve Sørheim, den einaste læraren som var ein del av opplegget, fortalde elevane om fiskereiskap, utvikling og sjøfart.

Betre enn ein historietime

Han tykte at historiedagen var eitt flott tiltak, fordi det er mykje enklare å lære ved å få sjå, prøve, lukte og smake enn det er å lære når ein sitt i eitt klasserom. Dette var nemleg det dei gjorde. Elevane fekk både ro og segle, og gjere mange andre spanande ting. Håvard Mork Sandvik var nøgd med dagen. Han lærte mykje meir enn han hadde hatt moglegheit til på skulen. Det same var Åsne Øyehaug si meining. Ho fortalde at dagen var eitt flott tiltak, fordi ein fekk innblikk i korleis livet var på ein mykje betre måte enn det var mogleg i klasserommet. Alt i alt var både elevar og lærarar einige i at dette var mykje betre enn ein historietime på skulen

Uløyseleg knytt til fiske

Tjalve meinte at elevane hadde godt av å lære om fiske, og fiskereiskapar, fordi fiske er veldig viktig for historia på Sunnmøre. Dette fordi fiske har alltid vore ei viktig inntektskjelde.

- Livet på Sunnmøre var uløyseleg knytt til fiske.

Over 50% av inntekta kom frå fiske, i denne perioden. Å vere fiskar var meir normalt enn å vere bonde. Dei aller fleste var fiskarar.

** Heidi Thoni Sletten har her fått fyr i peisen.*



** Tjalve Sørheim informerte elevar om fiske og fiskeutstyr, fordi livet på Sunnmøre var uløyseleg knytt til fiske.*

Voldakampen

Den årlege Voldakampen vart arrangert i Volda sentrum laurdag 13. september. Premien var på heile 2000 kr, og dei forskjellige postane var «ski», kanopadling og «isopor». Volda Røde Kors var arrangørar for Voldakampen, som alltid.

Av *Helle Ulvestad*

Voldakampen er ein «aktivitetsdag» arrangert av Røde Kors. Den vert arrangert kvart år, og er i hovudsak for diverse organisasjonar i Volda. I år var nokre av deltakarane Sparebanken Volda og Ørsta, Røde Kors Ungdom, dramalina ved høgskulen i Volda og medium og kommunikasjonslinja ved Volda vidaregåande skule.

2000 kr

Premien til sigerherrane var heile 2000 kr, i tillegg til gavekort på Landscape, kinarestauranten i Volda. Det var mange som gjerne ville prøve å vinne dette, og konkurransen var hard. Men likevel var det svært morosamt, seier nokre av deltakarane.

Tre minikampar

Espen Breivik, som var med på Røde Kors Ungdom sitt lag, fortel



at Voldakampen i hovudsak er ei hinderløype med forskjellige postar. I år var der tre postar. Den fyrste var å gå om kapp på 2 meter lange treplankar, ski, frå ein ende av Volda til ein annan. Deretter bar det ut i kano, og til slutt skulle ein forflytte seg over hamnebassenget på ei isoporplate. Sidan det var så mange deltakarar i år delte dei det opp sånn at der var tre «minikampar» og dei som vann dei kom vidare til finalen. Røde Kors Ungdom vann finalen i år. Premiengane skal dei bruke på forskjellige prosjekt som dei har. Til dømes eitt mot menneskehandel. Dei skal også bruke litt av pengane på ein tur til Molde, som



er for heile Røde Kors Ungdom i Møre og Romsdal.

Vil stille neste år

Espen fortel at han tykte det var veldig kjekt med Voldakampen, og at han vil stille neste år, om det så vert med Røde Kors Ungdom eller med medium og kommunikasjonslinja ved Volda vidaregåande skule.

- Eg har sett på i tidlegare år, og tykte det var kjekt, men det var enda kjekkare å vere med sjølv.

Kjære alle saman

SVAMPEN-redaksjonen for skuleåret 2008/2008 består av elevredaktør Helle Ulvestad (2MK1), Alise Rætta (1MK1) og Stine Louise Brandal (3PB1).

Ansvarleg redaktør er, som tidlegare, medielærer Synnøve Moltudal.

Redaksjonen håper at både elevar og tilsette set pris på avisa, og dersom de har tips eller kommentarar må de gjerne ta kontakt.

Det er årets første utgåve du straks er ferdig med å lese, og vi håper det ikkje vert lenge til neste nummer går i trykken.

Helsing redaksjonen